



## Sakspapir

Saksnr.	Utval	Møtedato
079/20	Formannskapet	23.04.2020
031/20	Kommunestyret	07.05.2020

<b>Sakshandsamar:</b> Monika Lysne	<b>Arkiv:</b>	<b>Arkivsaksnr.</b> 20/365 - 2
------------------------------------	---------------	--------------------------------

### Søknad om planendring for Gravdalen kraftverk - høyringsinnspel frå kommunen

#### Kort samandrag:

Gravdalen kraftverk fekk konsesjon i 2015. Østfold Energi har no sendt søknad til NVE om endring av søknaden, og søknad om planendring er sendt til kommunen på høyring. I planendringa vert blant anna søkt om utsett frist for oppstart av bygging i 5 år, noko som fører til anleggsaktivitet i planlagd reetableringsfase for villreinen i Nordfjella.

#### Rådmannen si tilråding:

Kommunestyret rår frå at det vert gjeve løyve til planendring av Gravdalen kraftverk slik søknaden ligg føre, og rår til at det ikkje vert gjeve utsett byggjefrist til utbygginga. Kommunestyret rår og til at det ikkje vert gjeve fritak til Østfold Energi frå deltaking i GPS-prosjektet. På grunn av den endra situasjonen og auka sårbarheita til villreinen i Nordfjella knytt til reetableringsfasen og samanfallande anleggsperiode, kan ikkje kommunestyret stille seg positiv til planendringssøknaden som ligg føre. Tiltaket er ikkje i tråd med Regionalplan for Nordfjella villreinområde og nasjonale og regionale føringar om å ivareta leveområda til villreinen mest mogleg utan nye inngrep.

Dersom NVE likevel finn at planendringssøknaden skal godkjennast, vil kommunestyret sterkt rå til at desse vilkåra vert sett til løyvet:

- Anleggsperioden vert gjennomført og avslutta før reetableringsfasen av villreinstamma i Nordfjella vert starta. Dersom noko mindre arbeid står att, skal dette gjennomførast i sommarmånadane etter kalvingstida er ferdig.
- Det kan ikkje etablerast anlegg som kan verke som barrierar for villrein. Det vil sei

at røyr må gravast heilt ned, nye vegar må skråast i kantane og det kan ikkje gjennomførast tidleg brøyting av vegar (berre mindre snøfonner ved opning av vegen kring 1. juli)

- Kraftstasjonen må etablerast i fjell/under bakken som tidlegare planlagd
- Dersom anleggsdrift vert tillete ut i reetableringsfasen for villreinstamma: Det vert sett strenge restriksjonar for anleggsdrifta. Det må blant anna vere minimalt med snøscooterkøyring i området knytt til drift og vedlikehald av anlegget, spesielt i kalvingsperioden til villreinen. Direkte overflyging med helikopter over reinsdyra må unngåast, og bruk av helikopter må vere forbode før, under og rett etter kalvingsperioden. Restriksjonar og vilkår bør utarbeidast i tett dialog med Villreinnemnda.
- Det vert ikkje gjeve fritak frå deltaking i GPS-prosjektet.
- Det vert sett krav om at Østfold Energi betalar inn årleg sum til kommunalt fond for forvaltning av villrein i Nordfjella.

Kommunestyret vil og sterkt rå til at eit eventuelt vedtak om å gje løyve til planendringa, vert gjort på bakgrunn av eit betre kunnskapsgrunnlag enn det som ligg føre i søknaden i dag om konsekvensane anlegget kan ha for villreinen i både anlegg- og driftsperioden vurdert opp mot endringane i søknaden og reetableringsfasen til villreinen i Nordfjella, jf. Naturmangfaldlova § 7 og §§ 8-12.

### **23.04.2020 Formannskapet**

#### **Røysting:**

Tilrådinga frå rådmannen vart samrøystes vedteken.

#### **FS-079/20 Vedtak:**

Kommunestyret rår frå at det vert gjeve løyve til planendring av Gravdalen kraftverk slik søknaden ligg føre, og rår til at det ikkje vert gjeve utsett byggjefrist til utbygginga. Kommunestyret rår og til at det ikkje vert gjeve fritak til Østfold Energi frå deltaking i GPS-prosjektet. På grunn av den endra situasjonen og auka sårbarheita til villreinen i Nordfjella knytt til reetableringsfasen og samanfallande anleggsperiode, kan ikkje kommunestyret stille seg positiv til planendringssøknaden som ligg føre. Tiltaket er ikkje i tråd med Regionalplan for Nordfjella villreinområde og nasjonale og regionale føringar om å ivareta leveområda til villreinen mest mogleg utan nye inngrep.

Dersom NVE likevel finn at planendringssøknaden skal godkjennast, vil kommunestyret sterkt rå til at desse vilkåra vert sett til løyvet:

- Anleggsperioden vert gjennomført og avslutta før reetableringsfasen av villreinstamma i Nordfjella vert starta. Dersom noko mindre arbeid står att, skal dette

- gjennomførast i sommarmånadane etter kalvingstida er ferdig.
- Det kan ikkje etablerast anlegg som kan verke som barrierar for villrein. Det vil sei at røyr må gravast heilt ned, nye vegar må skråast i kantane og det kan ikkje gjennomførast tidleg brøyting av vegar (berre mindre snøfonner ved opning av vegen kring 1. juli)
  - Kraftstasjonen må etablerast i fjell/under bakken som tidlegare planlagd
  - Dersom anleggsdrift vert tillete ut i reetableringsfasen for villreinstamma: Det vert sett strenge restriksjonar for anleggsdrifta. Det må blant anna vere minimalt med snøscooterkøyring i området knytt til drift og vedlikehald av anlegget, spesielt i kalvingsperioden til villreinen. Direkte overflyging med helikopter over reinsdyra må unngåast, og bruk av helikopter må vere forbode før, under og rett etter kalvingsperioden. Restriksjonar og vilkår bør utarbeidast i tett dialog med Villreinnemnda.
  - Det vert ikkje gjeve fritak frå deltaking i GPS-prosjektet.
  - Det vert sett krav om at Østfold Energi betalar inn årleg sum til kommunalt fond for forvaltning av villrein i Nordfjella.

Kommunestyret vil og sterkt rå til at eit eventuelt vedtak om å gje løyve til planendringa, vert gjort på bakgrunn av eit betre kunnskapsgrunnlag enn det som ligg føre i søknaden i dag om konsekvensane anlegget kan ha for villreinen i både anlegg- og driftsperioden vurdert opp mot endringane i søknaden og reetableringsfasen til villreinen i Nordfjella, jf. Naturmangfaldlova § 7 og §§ 8-12.

## **07.05.2020 Kommunestyret**

### **Røysting:**

Tilrådinga frå Formannskapet vart samrøystes vedteken.

### **KS-031/20 Vedtak:**

Kommunestyret rår frå at det vert gjeve løyve til planendring av Gravidalen kraftverk slik søknaden ligg føre, og rår til at det ikkje vert gjeve utsett byggjefrist til utbygginga. Kommunestyret rår og til at det ikkje vert gjeve fritak til Østfold Energi frå deltaking i GPS-prosjektet. På grunn av den endra situasjonen og auka sårbarheita til villreinen i Nordfjella knytt til reetableringsfasen og samanfallande anleggsperiode, kan ikkje kommunestyret stille seg positiv til planendringssøknaden som ligg føre. Tiltaket er ikkje i tråd med Regionalplan for Nordfjella villreinområde og nasjonale og regionale føringar om å ivareta leveområda til villreinen mest mogleg utan nye inngrep.

Dersom NVE likevel finn at planendringssøknaden skal godkjennast, vil kommunestyret

sterkt rå til at desse vilkåra vert sett til løyvet:

- Anleggsperioden vert gjennomført og avslutta før reetableringsfasen av villreinstamma i Nordfjella vert starta. Dersom noko mindre arbeid står att, skal dette gjennomførast i sommarmånadane etter kalvingstida er ferdig.
- Det kan ikkje etablerast anlegg som kan verke som barrierar for villrein. Det vil sei at røyr må gravast heilt ned, nye vegar må skråast i kantane og det kan ikkje gjennomførast tidleg brøyting av vegar (berre mindre snøfonner ved opning av vegen kring 1. juli)
- Kraftstasjonen må etablerast i fjell/under bakken som tidlegare planlagd
- Dersom anleggsdrift vert tillete ut i reetableringsfasen for villreinstamma: Det vert sett strenge restriksjonar for anleggsdrifta. Det må blant anna vere minimalt med snøscooterkøyring i området knytt til drift og vedlikehald av anlegget, spesielt i kalvingsperioden til villreinen. Direkte overflyging med helikopter over reinsdyra må unngåast, og bruk av helikopter må vere forbode før, under og rett etter kalvingsperioden. Restriksjonar og vilkår bør utarbeidast i tett dialog med Villreinnemnda.
- Det vert ikkje gjeve fritak frå deltaking i GPS-prosjektet.
- Det vert sett krav om at Østfold Energi betalar inn årleg sum til kommunalt fond for forvaltning av villrein i Nordfjella.

Kommunestyret vil og sterkt rå til at eit eventuelt vedtak om å gje løyve til planendringa, vert gjort på bakgrunn av eit betre kunnskapsgrunnlag enn det som ligg føre i søknaden i dag om konsekvensane anlegget kan ha for villreinen i både anlegg- og driftsperioden vurdert opp mot endringane i søknaden og reetableringsfasen til villreinen i Nordfjella, jf. Naturmangfaldlova § 7 og §§ 8-12.

### **Vedlegg:**

Høring av endringssøknad for Gravdalen kraftverk i Lærdal kommune

Vedlegg Planendring kraftstasjonsområdet

Planendringssøknad Gravdalen

følgerevurdering planendringssøknad

Gravdalen Kraftverk og regulering av Finnebuvatnet - innspel etter befaring

GRAVDALEN KRAFTVERK

GRAVDALEN KRAFTVERK - MELDING OM UTBYGGING

### **Relevante dokument i saka**

Konsesjonssøknad og søknad om planendring – Gravdalen kraftverk:

<https://www.nve.no/konsesjonssaker/konsesjonssak?id=8384&type=V-1>

Regional plan for Nordfjella: <http://www.regionalplan-nordfjella.no/uploads/2014%20->

[%2084044%20Regional%20plan%20for%20Nordfjella-4.pdf](#)

NINA-rapport 634, Villrein i Nordfjella, status og leveområde: [http://www.regionalplan-nordfjella.no/uploads/NINA%20Rapp634\\_Villrein%20i%20Nordfjella\\_Endelig.pdf](http://www.regionalplan-nordfjella.no/uploads/NINA%20Rapp634_Villrein%20i%20Nordfjella_Endelig.pdf)

### **Saksutgreiing**

Østfold Energi Produksjon AS (ØE) søkte om konsesjon 04.11.2008 for å byggje Gravdalen kraftverk. Det vart gjeve konsesjon til å byggje kraftvereket og bygging og drift av kraftleidingngen mellom Gravdalen og Stuvane av Olje og Energidepartementet 13. februar 2015. Frist for oppstart av bygging av anlegget er på 5 år etter løyvet er gjeve. Tiltaket er ikkje sett i gang, og fristen er ute. Året etter konsesjon vart gjeve, stoppa Østfold Energi sitt planleggingsarbeid for kraftverket, då dei ikkje lenger fann prosjektet lønnsamt nok til å setje i gang utbygginga slik det låg føre.

Østfold Energi har no levert søknad om planendring for utbygginga, og har då nedskalert kraftverket noko. Det er og gjort tiltak for å gjere prosjektet meir lønnsomt, og utbyggingskostnadane er vorte redusert. Planendinga er frå søkjar og NVE oppsummert slik:

- Kraftstasjon vert flytta delvis ut i dagen, frå fjellanlegg med portalbygg til kraftstasjon i forskjæring med adkomstbygg
- Avlaupet frå kraftverket vert ført i nedgrave røyr mot bekkeinntaket for Vesttunnelen i Gravdalen
- Det vert mindre deponimasser på grunn av at det ikkje skal sprengast ut for kraftstasjon i fjell
- Installert effekt vert redusert frå 15,5 MW til 9,1 MW, og yting til 9,99 MVA. Årleg produksjon vert då redusert frå 57 GWh til 51 GWh.
- Maksimal slukeevne i kraftverket vert redusert frå 5,2 m<sup>3</sup>/s til 3,5 m<sup>3</sup>/s
- Det vert ingen restriksjoner på anleggsperioden sidan villreinstamma er skote ut
- Valgfrihet for om dei skal nytta 22 kV eller 66 kV på det konsesjonsgitte alternativet.
- Utsatt frist for oppstart av byggearbeidene med fem år, slik at ny frist blir 13.2.2025.

Når frist for oppstart av byggjearbeidet er utsett i 5 år, er og frist for ferdigstilling utsett i 5 år – altså til 2030. I følgje lovverket knytt til konsesjonshandsaminga, skal byggjefrist for oppstart av konsesjonsgjeve anlegg setjast til 5 år, med frist for ferdigstilling 5 år etterpå. Fristen kan søkjast utsett i ytterlegare 5 år, men søknad skal då vera kommen inn til NVE seinast 6 mnd før byggjefristen går ut. Søknaden om planendring med utsett byggjefrist er datert i januar 2020, og fristen for oppstart av bygging gjekk ut februar 2020. Dette vil seie at frist for å sende søknad om utsetting etter lovverket og vilkåra som er sett, kan avslåast på grunnlag av for sein innkomen søknad. NVE har likevel vald å sende saka på høyring utan å kommentere utgått søknadsfrist, og ein legg difor til grunn at NVE ikkje vurderer søknadsfristen som avgjerande for sakshandsaminga.

Det vert elles vist til Konesjonsøknaden for Gravdalen kraftverk med tilleggssrapportar for meir informasjon om opprinneleg konsesjonssak. Det vert vist til Planendringssøknaden i sin heilheit som vedlegg. Det vert og vist til kommunestyret sine tidlegare vedtak og saksførebuing til saka når konsesjonssaka vart handsama i kommunen i 2007, 2008 og 2013.

Gravdalen kraftverk er planlagd i Nordfjella Villreinområde. Dette villreinområdet er påverka av fleire kraftverksutbyggingar og ein del hyttebygging i randsonene inn mot definert leveområdet. I 2010 bestemte Miljøverndepartementet at fleire av villreinområda skulle få utarbeidd Regionalplan for forvaltninga av villreinen og leveområda til villreinen. Oppdraget gjekk til fylkeskommunane, som saman med kommunane og fylkesmennene skulle utarbeide planprogram og plandokument. Planprosessen vart gjennomført med ein omfattande prosess, med administrativ arbeidsgruppe og politisk arbeidsutval der ordførarar, fylkeskommune og fylkesmennene var med. 7 kommunar (inkludert Lærdal) og 3 kommunar er omfatta av «Nordfjella-planen», og planen vart vedteken i samtlege kommunar og fylkeskommunar. Arbeidet med Regionalplan for Nordfjella er eit kontinuerleg arbeid, og det vert i desse dagar planlagd ny runde med arbeidsmøter knytt til oppfølging av planen i kommunane.

Regionalplan for Nordfjella villreinområdet legg føringar for arealbruk og fastset strategiar for ivaretaking av villrein som naturressurs og verdfull biologisk mangfald med internasjonal verdi. Planen legg føringar for kva som ikkje er tillete, og kva som er avgrensingane på dei ulike sonene (randsoner og leveområde). Planen med vedlegg er og eit godt grunnlagsdokument for felles forståing og kunnskap om villreinen sin bruk av området, og kva omsyn det er viktig at ALLE kommunane tek for at forvaltninga og ivaretakinga av villreinstamma skal vere velukka.

Villreinen i Nordfjella fekk i 2016 påvist smitte av skrantesjuka (CWD), ein dødeleg og smittsam sjukdom. Det vart vedteke å sanere villreinstamma frå området, for deretter å leggje området «brakk» i 5 år for å sikre at all smitte er vekke frå området. Saneringa vart avslutta i 2018, og brakkeleggingsperioden er ferdig i 2023. I 2017 vart det vedteke Plan for reetablering av villreinstamma i Nordfjella, og det er skrive intensjonsavtale mellom kommunane om reetablering av stamma. Det vert no starta eit større planlegging- og førebuingssarbeid for reetableringsfasen.

Gravdalen kraftverk er planlagd i høgfjellet, medan linja er planlagd ned dalføret til Stuvane. Utbygginga påverkar eit langstrakt område frå Dyrkoll – Gravdalen – Stuvane. Heile planområdet er i kommuneplanen sin arealdel sett av til landbruk, natur og friluftsliv (LNF-føremål).

## Økonomiske konsekvensar

Kraftverket kan føre til auka årlege inntekter til kommunen.

## Vurdering

Føremålet med utbyggingen i Gravdalen er å auke produksjonen av fornybar elektrisk kraft, her auka vinterproduksjon, som er spesielt verdfull. Utbygginga vil føre til auka inntekter til Lærdal kommune. Det er likevel svært viktig at kommunen vurderer saka grundig, og vurderer om dette er ei utbygging der ein kan akseptere dei negative konsekvensane for dei positive samfunnsinteressene det fører med seg. Auka årlege inntekter til kommunen og auka vinterproduksjon av kraft er viktige positive verknadar å ta med i vurderinga.

Saka er allereie handsama grundig gjennom konsesjonshandsaminga. Rådmann vil difor no konsentrere vurderingar opp mot dei endringane som ligg føre i søknad om planendring, og ikkje resten av tiltaket.

Konsesjonssøknaden til Gravdalen kraftverk var ei stor og mykje diskutert sak i Lærdal kommune når denne vart handsama, fyrst som meldingssak i 2007, deretter som konsesjonssøknad på høyring i 2009 og befaringar knytt til endeleg konsesjonshandsaming i 2013. Konsesjonen vart gjeve i 2015, men Østfold Energi stoppa sjølv alt planleggingsarbeidet og sakshandsaming i saka i 2016, på bakgrunn av dårleg lønnsemd i prosjektet.

Kommunestyret og administrasjon var på heildagssynfaring saman med Villreinnemnda og Villreinutvalet, Fylkesmannen, NVE, OED, Østfold Energi m.fl. i 2013 og det vart arrangert informasjonsmøte av Østfold Energi. Villreininteressene engasjerte seg sterkt i mot utbygginga, også Direktoratet for miljøforvaltning rådde i frå å gje konsesjon til anlegget. NVE konkluderte med at dei største negative konsekvensane av utbygginga ville vera for villreinen. Dei meinte likevel at dei negative konsekvensane mest var knytta til anleggsperioden, og at dette kunne akseptrast då anleggsperioden var samanfallande med anleggsperioden til oppgradering av Dam Kvevotni, og at det då likevel ville vere mykje aktivitet i området. NVE meinte og at sidan arbeidet mest skulle skje under bakken/i fjell, vart dei negative konsekvensane for villreinen mindre.

Ein av endringane i søknad om planendring er nettopp anleggsperioden. I planendringssøknaden vert det søkt om utsett frist for oppstart i 5 år, dvs. til februar 2025. Deretter har utbyggjar 5 år til å ferdigstille arbeidet. Oppgraderinga av Dam Kvevotni vil vera ferdig før arbeidet med Gravdalen kraftverk er starta opp. Det er stor sannsynlegheit for at anleggsperioden vert samanfallande med planlagd oppstart av reetablering av villreinen i Nordfjella.


Ein annan av endringane i søknad om planendring er at kraftstasjonen vert flytta ut av fjellet og opp i dagen. Dette fører til både anlegg og drift/vedlikehald i dagen, noko villreinen er mykje meir sårbar for enn om kraftstasjonen vert bygd i fjellet. Det er gjort mykje forskning kring utbyggingar i villreinområdet, og mykje tyder på at villreinen på sikt kan i nokon grad venne seg til anlegg som er forlatte, altså utan drift (menneskeleg aktivitet, røyrslø, støy, lukt osv.), så lenge desse ikkje er barrierer langs bakken (ref. for eksempel *NINA rapport 634*,

*Villrein i Nordfjella, status og leveområde*). Då kan dei endre ferdselsmønsteret til villreinen, og det treng ikkje vere serleg høgde på «barrieren» før villreinen ikkje kryssar, men endrar ferdselen. Dette kan vere røyrgater, vinteropne bekkar, vegskjeringar og liknande. Ved faste mindre installasjonar, kan menneskeleg aktivitet i området vera avgjerande på om dyra vert skremd vekk frå området, eller over tid kan «akseptere» ei utbygging. I ein kraftstasjon må det vera jamnleg tilsyn og vedlikehald, og vil dermed vera jamnleg menneskeleg aktivitet, også om vinteren. Med kraftstasjonen i dagen, vil denne negative påverknaden verte større.


Kommunen gav positiv uttale til konsesjonsøknaden for Gravdalen kraftverk, med krav til vilkår om diverse omsyn til villreinen. Seinare var kommunen sterkt involvert i utarbeiding av Regionalplan for Nordfjella villreinområde, og har hatt mykje fokus på villreinen dei siste åra knytt til CWD-situasjonen. Det er brukt store ressursar i bekjempinga av CWD i Nordfjella, og det er lagt ned svært mykje arbeid i ein god forvaltning av leveområdet til villreinen, også i brakkleggingsperioden. Det har heile tida vore intensjonen at det skal reetablerast villreinstamme i Nordfjella, og det er då viktig at området vert forvalta som om det er rein i området også i dag. Nordfjella villreinområde er allereie prega av ein del utbygging. Stykkevis og delt utbygging, litt her og litt der, fører til ei gradvis innskrenking og forringing av leveområdet til reinen. Semje mellom kommunane om å ta vare på leveområdet og unngå utbyggingar og inngrep innanfor leveområdet, må gjelde ALLE kommunane dersom det skal ha nokon effekt. Dersom ein kommune tillet utbygging, er det og lettare for andre å følgje etter med andre tiltak. Det har til no vore stor semje om å unngå dette.

Området som utbygginga påverkar ligg mellom Dyrkoll – Gravdalen- Stuvane. Dette området er i stor grad definert som ein av to kalvingsområde for villreinen i Nordfjella (sjå kart). Kalvingsområda vil vera svært viktige for villreinen i reetableringsfasen, for å sikre oppbygging av ei ny stamme med villrein i området. Etter andre reetableringssaker i landet, nærast i Årdal – Lærdal – fjella, har ein erfart at villreinen tek i bruk områda på same måte som tidlegare reinstamme har gjort. Bruken av området er ikkje knytt til arv eller minne, men er avhengig av geograiske tilhøve i fjella som terrengformasjonar, beiteforhold, ly, vindforhold, snøforhold, mineralinnhald i bakken osv. Fleire av desse momenta er forhold som ikkje vert endra mykje over tid, og ein ser ved mange høver at reinen nyttar dei same trekka som dei også gjorde i steinalderen (jf. Plassering av dyregraver/fangstgroper, bogestillingar osv.). Gravdalen er frå gamalt av eit trekkområde mellom aust- og vest-områda. Utbyggingar, anleggsvegar og oppfylling av fjellvatn har allereie begrensa moglegheiter for trekkruiter for villreinen i Nordfjella. Ved å etablere ytterlegare trekkhindringar, kan dette føre til at villreinen sluttar å bruke store delar av området, som då kan ha konsekvensar for trivsel, vekst og tilførsel til stamma osv.





Kart 4. Hovedfunksjonsområder (innenfor de administrative grensene) for reinen de siste 30 åra. Blått viser vinterbeiter, grønt viser viktige sommerbeiter og skravur viser kalvingsområder. For flere detaljer vises det til kartet Nordfjella villreinområde og Raudafjell 2011, vedlegg til NINA Rapport 634.



Karta over er utklipp frå Regionalplan for Nordfjella, og vurderingane som er gjort er i stor grad bygd på NINA-rapport 634. I regionalplanen er Gravdalen peika ut som viktig fokusområde for forvaltninga av villreinen i Nordfjella:

Fokusområde	Problemstilling
1 Fv 243 over Aurlandsfjellet	Fangstanlegg vest for vegen viser at dette området var viktig jaktområde, og således også viktig villreinområde. Sommeråpen fylkesveg, stor trafikk ut fra denne og høye brøytekanter fører til mindre bruk av disse beitemene.
2 Finseområdet/ Bergensbanen	I disse områdene har det tradisjonelt vært mange trekkveier mellom Nordfjella og Hardangervidda. Disse blir i dag hindret av jernbanen, men tunneltakene på Finsetunnelen og Gravhalstunnelen åpner for trekk. Sykkelturisme på Rallarvegen, og trolig også fotturisme mellom Finse og Geiteryggen, er så vidt omfattende at dette også gir barrierer.
3 Geitryggen og Fv 50	Områdene ved Geitryggstunnelen er et naturlig knutepunkt og utvekslingsområde mellom de nordlige delene (sone 1) og de sørlige delene (sone 2) av Nordfjella. De menneskelige aktivitetene her er store med veg, vassdragsregulering, overføringsledning, tunnel og fotturister. Gamle trekk er demt ned.
4 Rv52 mot Hemsedal	I Hemsedalsfjellet på nordsida av riksvegen er det fortsatt tamreindrift. Det fare for uønsket sammenblanding når både tamrein og villrein tidvis trekker over vegen.
5 Østområdene i Hol og Ål	Nordfjella, som flere andre fjellområder, har en øst-vest gradient med nedbørrike og milde vintre i vest, og tørre og kalde vintre i øst. Dette gir gode vinterbeiter, og normalt mye villrein, i øst. I Nordfjella er de østlige vinterbeitene langt mindre i bruk enn man skulle forvente. Mye tyder på at menneskelig ferdsel og vinterturisme gir mindre bruk av disse områdene.
6 Gravdalen	Gravdalen er, og har lenge vært, et svært viktig trekkområde i øst-vestlig retning. Det gir adkomst til viktige beite- og kalvingsområder. Det går veg inn til Kvevatn og det er reguleringsinteresser i området.
7 Kongshellerområdet	Området er viktig for dyras mulighet til å komme seg over Geiteryggen og mellom sone 1 og 2. Her er gamle trekkveier neddemt, og det er ferdsel langs merket sti/løype mellom Geiteryddhytta og Kongshelleren.
8 Viddalsdammen/ Fretheimsvatnet	Ved etablering av Viddalsdammen i 1969 ble flere trekk neddemt.

I planen står følgjande om fokusområde:

*Med utgangspunkt i erfaringskunnskap og andre fakta om reinen i Nordfjella konkluderer*

*NINA med at noen enkeltområder bør følges særlig nøye opp for å sikre tilgang til viktige beite og oppholdsområder. De har særlig fokusert på områder der infrastruktur og menneskelig aktivitet synes å være til hinder for villreinenes naturlige bruk av området.*

I konsesjonshandsaminga av Gravdalen kraftverk vurderte Olje og Energidepartementet konsekvensane for villrein slik:

### ***Virkinger av kraftverket***

*Norge har et internasjonalt ansvar for å ta vare på villreinen og de naturlige leveområdene den er avhengig av. Villreinområder som er spesielt viktige for artens framtid i Norge har fått status som nasjonale villreinområder. Et villreinområde er definert som det område som en villreinbestand bruker gjennom flere år, jf. forskrift 22. mars 2002 om forvaltning av hjortevilt og bever. Et nasjonalt villreinområde skal ha en størrelse og kvalitet som kan sikre en villreinbestand over lang tid, dvs. en livskraftig villreinbestand. Dette innebærer bl.a. at området har tilstrekkelig forekomst av vinterbeiter, sommerbeiter, kalvingsplasser og nødvendige trekkveier for villrein.*

*Nordfjella har status som nasjonalt villreinområde. Lærdalsfjellene med det aktuelle tiltaksområdet utgjør nordre del av Nordfjella og inngår i villreinenes leveområde. Det er utarbeidet retningsgivende fylkesdelplaner for nasjonale villreinområder. Regional plan for Nordfjella ble vedtatt i 2014. Utbygging av Gravdalen kraftverk er ikke i samsvar med denne planen. NVE vurderer mulige konsekvenser for villrein til å være det største skadepotensialet ved en utbygging av Gravdalen kraftverk. Ivaretagelse av og hensyn til villreinen er tungtveiende i konsesjonsvurderingen av denne utbyggingen.*

*De viktigste konsekvensene for villreinen ved utbyggingen av Gravdalen kraftverk er de potensielle følgene for de eksisterende trekkleiene. Reinsdyr er vare for menneskelig aktivitet og særlig for støy. Fagrapporten bemerker at Gravdalen primært har stor verdi som trekkområde til og fra kalvingsområdene vest for Gravdalen, og at området blir brukt spesielt om våren og utover forsommeren. Tiltaksområdet – særlig i anleggsperioden - kan avskjære reinen i å bruke de tradisjonelle trekkleiene og kalvingsområdene, samt fjellområdet rundt.*

*Både reininteresseorganisasjoner og Nordfjella og Fjellheimen Villreinnemnd går imot å bygge Gravdalen kraftverk på grunn av fare for negativ konsekvens for villreinstammen i Nordfjella. DN (nå Miljødirektoratet) har i høringsuttalelsen konkludert med at konsesjonssøknaden bør avslås av hensyn til villrein.*

*Departementet er enig med NVE i at skadepotensialet for villreinen er den største konsekvensen av utbyggingen i Gravdalen fordi områdene fungerer som viktig trekkområde til og fra de viktige kalvingsområdene som ligger vest for Gravdalen.*

NVE og OED vurderte likevel at utbygginga ikkje ville ha så store negative konsekvensar, i stor grad på grunn av at det likevel skulle føregå anleggsaktivitet i området for oppgradering av Dam Kvevotni. Dei meinte og at pga. at anlegget skulle byggjast mest under bakken, ville konsekvensane vere mindre. Begge desse momenta er no endra i planendringssøknaden, med kraftstasjon i dagen og utsett anleggperiode. Anleggsperioden vert no truleg samstundes med reetableringsfasen av villreinen i området, og kraftstasjon i dagen vil vere ein større negativ påverknad for villreinen pga. visuelt inngrep, meir støy og meir synleg menneskeleg aktivitet både i anleggsperioden og driftsperioden.

Rådmannen meiner at i ei samla vurdering av dei negative konsekvensane utbygginga kan ha for villreinen Nordfjella, kan ikkje kommunen stille seg positiv til denne utbygginga. I Regionalplan for Nordfjella som kommunen har slutta seg til, er det følgjande føresegn om handsaming av kraftverkssaker:

### **§2.7 Vassdrag**

*I regulerte vassdrag skal regulanter og kommuner i fellesskap søke å restaurere*

*landskapsskader og så langt mulig reetablere trekkveger for villrein.*

*Ny kraftutbygging, utvidelse av eksisterende kraftanlegg som gir arealbeslag*

*i viktige villreinområder og nye kraftlinjer bør unngås i planområdet. Konsekvenser*

*for villreinstammen skal utredes i henhold til nyeste kunnskap både*

*ved eventuelle nye reguleringer og ved vilkårsrevisjoner.*

Planendringa er ikkje i tråd med Regionalplan for Nordfjella og rådmannen vil difor sterkt rå i frå at kommunestyret stiller seg positiv til denne utbygginga slik den no ligg føre. I ei samla vurdering, kan rådmann ikkje sjå at ein kan akseptere dei negative konsekvensane utbygginga kan ha for villreinen, for dei positive samfunnsinteressene utbygginga kan ha. Handsaming av denne saka vil og gje stor signaleffekt ut til dei andre kommunane i Nordfjella, og ved å stille seg positiv til denne saka i den fasen kommunane er i no med reetablering av villreinen i Nordfjella, vil kommunen gje svært uheldig presedensverknad for andre utbyggingssaker i heile villreinområdet. Rådmannen vil og sterkt rå til at det vert sett fram krav til vilkår i løyvet, dersom NVE vil gå inn for å gje løyve til planendring, som gjer til at kunnskapsgrunnlaget vert sikra, og at dei negative konsekvensane for villreinen vert minimale.

I konsesjonshandsaminga sette landbrukskontoret i Lærdal fram ynskje om at Østfold Energi betalar ein sum til eit fond for bruk i forvaltning av og forskning på villreinen. Villreinemda meinte at tiltaket sine konsekvensar for villrein tilsa at det burde verte oppretta eit slikt fond. Dette handlar om samfunnsansvaret som Østfold Energi kan påleggjast å ta, for å bøte på dei negative konsekvensane utbyggingane deira har for villreinen i Nordfjella. OED valde å ikkje sette krav til innbetaling på eit slikt fond i konsesjonshandsaminga, då kommunen ikkje hadde nemnd eit slikt krav i sakshandsaminga. Ein vil difor no rå til at det vert sett krav om dette i vilkåra, dersom det vert gjeve løyve til planendringa. Eit slikt fond bør øyremerkast til den

kommunale forvaltninga av villreinen, og kan for eksempel nyttast til forskning, formidling, kompetansebygging, undervisningsopplegg osv.

I konsesjonshandsaminga vart det sett fram ynskje frå kommunen om at utbyggjar vart pålagt å delta i finansiering av GPS-prosjektet for villreinen, då denne kartlegginga av villreinen sin bruk av området er svært viktig forskingsmateriale, og data knytt til eventuelle endringar i bruken kring utbyggingsområde er viktig å få dokumentert. OED følgde opp dette, og sette krav i vilkår til konsesjonen at utbyggjar deltok i finansiering av eit vist antal GPS-merkingar. Utbyggjar søker no gjennom planendringssøknaden om fritak for deltaking av finansiering, og skriv følgjande i søknaden:

*Avbøtende tiltak knyttet til villrein utgår som følge av at villreinstammen i Nordfjella er utryddet. ØE ber om fritak fra deltagelse i GPS-merkeprosjektet av villreinstammen i Nordfjella, da dette ikke lenger er praktisk mulig.*

Rådmann vil understreke at denne informasjonen er feil. Villreinstamma skal etter planen reetablerast i Nordfjella, og det vil då vera svært viktig å få dokumentert dyra sin bruk av området. Dette kan og vera svært interessant og viktig materiale i forskning for framtidige reetableringar av villreinstammar. Då utbyggjar planlegg utbygging midt i reetableringsperioden og i ein av to kalvingsområde i nordfjella og i viktig trekkområde i området, vil rådmannen påstå at det er viktigare enn nokon sinne å få dokumentert villreinen sin bruk av området etter reetableringa. Rådmann vil difor sterkt rå i frå at det vert gjeve fritak for deltaking i GPS-prosjektet.